

Draumen

Skrevet av Gjertrud Djupvik, 9a, Skudenes ungdomsskole

Han kjem imot meg. Han ignorerer alt rundt seg, blikket hans er festa på meg. Den "kule" gjengen hans ser bare dumt på han og ler. Han bryr seg ikkje, alt han bryr seg om er meg. Han kjem nærmare og nærmare, eg blir meir og meir nervøs. Plutselig står han rett framforbi fjeset mitt. Han grip tak i nakken min, eg kjenner att han kjem nærmare med fjeset sitt, nasane våres berører kvarandre...

-Vakne da! Klokka er sju om morgonen, du skal på skulen"

"ja da, eg kjem.."

Eg drøymmer alltid den draumen der. Eg veit ikkje kvifor. Eg har drøymt han fleire gonger denne veka. Den personen som alltid kjem imot meg er Johnny. Han ein egoistisk sjølv-opptatt utskjemt dritunge. Han er alle jenters draum. Ikkje min, eg mislikar han. Han går i 3vgs, og er ein av dei "kule", som røykjer kvar dag etter skulen bak "røykeskuret", som vi kallar det. Dei har eigentleg ikkje lov, men dei gjer det fordi det er kult å bryte reglane på skulen vår.

Så har du meg, den kristne nerden i 9a. Sofia som alltid går med den same genseren og den same blomstrete kjolen. Ho har som rutine å gå i kyrkja kvar søndag. Ho som går på kyrkje - kor øving to gonger i veka. Eg likar å vere meg. Eg er den eg er. Det eg gjer om dagane er å gjere lekser. Men eg synes det eigentleg er ganske kjekt. Noko må ein ta seg til. Så er eg veldig interessert etter stjerner og planetar og slikt. Eg går på ein spesiell plass kvar dag for å kikke på stjernene med stjernebikkerten min. På skolen er det som regel eg som sit i klasserommet i friminuttane og gjer lekser. Det er meg dei kjem til når dei ikkje gidd å gjere leksene sine sjølv, og tvingar meg til å gjer dei, det er til meg dei kjem når dei treng nokon å mobbe. Men det er ingen som kjem til meg og snakkar normalt med meg, det er ingen som spør om eg vil vere med dei, det er ingen som spør om me skal gjere lekser i lag. Men eg er blitt vant med det. Eigentleg trur eg dei dømmer meg for korleis eg ser ut. Ingen har tatt skikkeleg kontakt med meg og prøvt og funne ut av kven eg er. Men det er like greitt. Livet mitt er vel meint å vere sånn. Gud har ein plan for meg. Det er eg sikker på.

"Hei Sofia! Fått deg ny genser?" Dei fniser og ler. Olivia Eriksen er med i den "kule" gjengen til Johnny. Det er den same setninga ho møter meg med kvar dag. Dei veit eg alltid har gått med den genseren sidan me gjekk i 5 klasse. Men eg bryr meg ikkje. Eg tek det ikkje til meg.

Når eg kjem inn i klasserommet er det første eg ser Johnny. Han sit og vippar på stolen og snakkar med kameratane sine. Han er solbrun etter og ha vore i Bulgaria i to veker no. Alle spør etter korleis det har vore og kva han gjorde på og sånt. Eg berre ignorerer dei. Eg sit berre og funderer på kvifor eg hadde den draumen. Kanskje det er noko meining i han? Nei, eg tvilar sterkt på det.

"Har du gjort leksene mine til i dag Sofia?" Tommy kjem truande imot meg. "jo eg har gjort dei, eg la dei på pulten din" viss eg ikkje gjer dei, får eg bank, seier han. Eigentleg trur eg han er for pysete.

"Leksene til i morgon er på side 72-85, gjer alle oppgåvene på dei sidene. Og ikkje gløym å øve på rollespelet me skal ha! Då var klokka tre, no kan dykk gå heim, takk for i dag! Læraren har laga eit rollespel som me skal framføre om to veker. Eg og Johnny har fått hovud rollene. Er det ikkje typisk? Korleis kan eg samarbeide med han? Han eg misliker så mykje og drøymmer om heile tida! Eg prøver å komme meg fortast mulig utav klasserommet, sånn at ingen kan kome til meg med leksene sine. Eg går ut i skulegarden, så hører eg at nokon kjem springande etter meg.

Sofia! Sofia! Stopp! Du gløymde å ta med deg leksene mine

Unnskyld Tommy, men eg vil ikkje gjere leksene dine i dag

– Kva sa du? Vil du ikkje gjere leksene mine? Han små ler.

– Nei eg vil ikkje gjere leksene dine. Tommy trengjer meg oppi ei kro bak skulen, så vinkar han bort kameratane sine.

– Høyr på dette, ho vil ikkje gjere leksene mine! Alle kameratane hans ler av han. Han føler seg tøff no, eg ser det på han.

– Du veit kva eg har sagt om det at du ikkje gjer leksene mine? Kva skal eg gjere då mon tru? Tommy slår eit hardt slag i magen min. det var overraskande vondt. Borte i skulegarden ser eg at Johnny står og kikkar bort på oss. Eg ser han er på veg mot oss. No skal han vell være med å banke meg opp han og. Han ser mykje sterkare ut enn dei andre. Han har sikkert eitt mykje hardare slag enn kva Tommy har. No er han heilt bort med oss. Eg kikkar på han med eit redselsfullt blick.

– Kva er det dykk held på med? Mobbar ei stakkars jente fordi dykk er for late til og gjere leksene sjølv? Tommy og kameratane kikkar på kvarandre, dei ser fortvilte ut. Eg veit at det er Johnny dei ser opp til, alt han synest er kult synest dei er kult og det som han synest er ukult syns dei er ukult. Sånn er det bare med dei. Johnny tar tak i armen min og drar meg ut av ringen deira.

– Du må ikkje bry deg om dei, dei er berre barnslege drit ungar.

- Ja, eg har funne ut av det, eg er berre så lei av å gjere leksene deira, frå no av får dei gjere dei sjølv. Tusen takk, kan eg på nokon måte hjelpe deg med noko?
- Det skulle berre mangle. Men, eg treng litt hjelp med å øve på rolle spelet. Ja eg kan vel hjelpe deg som ein takk. Kva tid skal eg komme bort?
- Du kan komme borti fem - tida.
- Greitt, då snakkast me.

Eg begynner å bli litt redd. Etter at eg har drøymt om han, så skal me spele rollespel i saman, han redda meg frå Tommy og kameratane, og han spør om hjelp med rolle spelet. Kva skjer?

- Kvar skal du Sofia? pappa spør og grev. Han er ein skikkeleg tradisjonell kristen. Han er prest i kyrkja vår. Han likar ikkje at eg er med gutar han ikkje kjenner til. Spesielt ikkje Johnny, han er jo kjend som ein gut som berre går rundt og gjer hærverk og drit i skulen og framtida. Det finn ikkje pappa seg i, derfor må eg finne på ei unnskyldning.
- Eg skal til ei venninne i klassen min og hjelpe ho med leksene.
- Ikkje kom seint heim då!

Eg står ut forbi døra til Johnny no. Eg bankar på.

- Hei! Berre kom inn.
 - Takk skal du ha.
- Eg går inn og tek av meg skoa og går inn i stova. Det er elegant men koseleg. Glasa er store og breie, dei kremkvite gardinene gjer at det ser enda større og finare ut. Dei har ein svær peis med eit speil oppå toppen og ei søt ved korg på sida. Ein brun sofa med lik lene stol står midt i stova, det er same farge på bordet som står der. Så er det eit svart bord med svarte stolar til. Fjernsynet er sikkert 42 eller 47 tommer! Stort er det nå i alle fall.
- Kva vil du ha og drikke?
 - Vatn takk. Johnny kjem inn med ei mugge vatn og eit glas til meg. Han set seg i lene stolen.
 - Det var kjekt at du ville komme og hjelpe meg. Eg klarar berre ikkje å øve for meg sjølv. Tenkte du har erfaring med det.
 - Ja eg kan gjerne hjelpe deg.

Etter tre timar har me øvt og øvt, Johnny virka ganske grei. Det var ikkje vanskeleg å øve med han.

- Tusen tusen takk, Sofia, eg set verkeleg pris på dette. Vist du har tid og vil, vil du øve med meg ein annan dag også? Eg treng verkeleg hjelp.

Eg nølar med tanken. Men han er jo ein ganske grei person eigentleg, eg kan vel ta meg tid til det.

-Me kan øve i morgon på same tida? Det er best me får øvt oss ferdige no med ein gang, rollespelet er jo om to veker, det er ikkje så lenge til.

-ja! Det kan me godt gjere. Snakkast!

Eg veit ikkje om eg tør å ta sjansen. kanskje han berre latar som om han er grei bare for å bruka meg. Eg får no sjå korleis det går. Eg begynner faktisk og stola på han.

"Han kjem imot meg, han ignorerer alt rundt seg, blikket hans er festa på meg. Den "kule" gjengen hans ser bare dumt på han og ler. Han bryr seg ikkje, alt han bryr seg om er meg. Han kjem nærmare og nærmare, eg blir meir og meir nervøs. Plutselig sår han rett fram forbi fjeset mitt. Han grip tak i nakken min, eg kjenner at han kjem nærmare med fjeset sitt, nasane våras berører kvarandre...

PIP! PIP! PIP! PIP! Alarmen går. Eg vaknar brått. Kva er det med den draumen! Det kjem aldri til å skje, så kvifor må eg drøyme om det? Eg blir irritert. Eg lagar meg stekt egg til frukost i dag. Favoritt maten min. eg pakkar sekken og spring til skulebussen.

- " Eg heiter Sofia, og eg elsker genseren min! " Olivia ler for seg sjølv.

Eg ignorerer det og går inn i klasserommet. Der sit Johnny. Eg smilar til han. han smilar ikkje til meg. Kanskje han ikkje såg det. Men han kikka jo på meg. Ignorerte han meg? Han var jo så grei i går, kvifor skulle han ignorere meg?

Friminuttet kjem. Eg er på veg til fysikk rommet, når eg ser Johnny stå og snakke med Olivia, Tommy og gjengen hans. Eg går bort til han.

-Snakkast me hjå deg i fem tida i dag då?

- Kva snakkar du om? Eg har kje planar for dagen, kjenner deg ikkje, gå og leik deg med leksene dine du. Alle dei andre ler seg nesten i hel.

Han blinkar med begge auga til meg. Eg blinkar hardt tilbake med eit litt sint og trist blikk på ein gang. Så det er sånn det er. Ingen skal vite att eg er med han, eller hjelper han med leksene. Han trur vell att alle kjem til og synest han er lite kul då. Alle er vell ukule vist dei er med meg. Eg blei eigentleg litt såra. Det var det eg sa. Ein egoistisk, sjølvopptatt drit unge. Eg drit i å hjelpe han med rollespelet viss det er takken eg får.

Eg prøver og unngå han mest mogleg. Eg klarar det faktisk nesten heile dagen, til eg er på veg til bussen på veg heim. Han dunkar borti meg. Han kikkar rundt om det er nokon som ser på han.

– Unnskyld. Det var ikkje meininga, men dei kan ikkje vite det. Dei vil hive meg ut av gjengen då. Eg synest det er ein dum regel, men så er det! Ikkje ta det til deg.

– Så drit i den gjengen då! Men du får gjere som du vil. Eg gidd ikkje hjelpe deg viss det er takken eg får. Eg spring det stykket som er igjen til bussen og set meg med Bernard, ein som eg gåri fysikk klassen med.

– me - men Sofia! Vent!

Bussen køyrer.

–Eg er heime!

Eg sleng ranselen på golvet og spring opp på rommet mitt. Eg er opptatt av stjerner og teleskop så eg heldt på å fikse det gamle teleskopet mitt. Eg skal lage meg eit nytt eit snart, ein gigantisk som eg kan sjå fleire planetar som eg ikkje kan sjå me det andre teleskopet.

Det har blitt kveld og eg sit ut forbi på stolen og les i ei bok. Så ser eg at Johnny kjem. Eg blir oppgidd. Skal han ikkje gi opp? Han har ein pakke med seg. -Hei! Unnskyld for det som skjedde i dag. Det var berre ein reaksjon. Det gjentar seg ikkje.

Eg sit berre og les og prøver og ignorere han. Han gir meg pakken, og akkurat idet han skal til å gå, kjem pappa ut. Han kikkar på harn med eit blikk som seier -"gå heim med deg!" Johnny går. Pappa set seg på sida av meg.

- Sofia.. du kan ikkje vere med han guten der. Det einaste han bryr seg om er seg sjølv. Han kjem til å drite i deg uansett!

– Han er ikkje sånn pappa, eg kjenner han litt betre no. Men eg stolar ikkje heilt på han enda.

– Eg berre åtvarar deg, Sofia! Pappa er redd for meg. Men eg skjønner han og. Eg er den einaste han har. Mamma døde av leukemi, da eg var 11 år. Det er eit stort sagn, men eg og pappa klarar oss så lenge me har kvarandre. Pappa går inn. Eg opnar presangen, det er ein rosa strikke jakke, akkurat lik den eg har, berre den er grøn. Eg smilar for meg sjølv.

"Han kjem imot meg, han ignorerer alt rundt seg, blikket hans er festa på meg. Den "kule" gjengen hans ser bare dumt på han og ler. Han bryr seg ikkje, alt han bryr seg om er meg. Han kjem nærmare og nærmare, eg blir meir og meir nervøs. Plutselig står han rett fram forbi fjeset mitt. Han grip tak i nakken min,

eg kjenner att han kom nærmare med fjeset sitt, nasane våres berører kvarandre...

Eg vaknar av meg sjølv no. draumen sluttar akkurat der! Eg lurar på kva som skjer vidare. Eg drar meg opp av senga. Eg lurar på om eg skal ta på meg jakka eg fekk ov Johnny, men eg trur eg vil spare ho til ein spesiell gong. Når eg kjem på bussen så begynner alle å fnisa og kviskra, eg bryr meg ikkje om det. Men, når eg kjem ut av bussen og går forbi alle så begynner alle og le. Eg forstår ingenting. Så kjem eg i kantina. Nokon legg eit ark i handa mi. Eg får sjokk. Der ser eg ei halvfeitjente med bare tanga truse på seg, så har dei klyppa ut fjeset hennar og sett inn mitt. Eg kjenner at eg får tårer i auga. Eg snur meg og skal til å springe då eg kjem i armene til Johnny. Han kikkar sint på alle som er heilt rolege og kikkar på oss. Han går rett bort til Tommy, for han veit at han er med på dette her. Johnny slår Tommy hardt i trynet. Tommy slår tilbake. Dei begynner å slå på kvarandre og det blir eit slagsmål utav det. Nokre andre i gjengen prøver og separere dei.

–Du er ute av gjengen! Dra deg til helvete!

Tommy brølar.

–Trur du eg bryr meg? Eg går med glede ut av den teite gjengen dykkar!

Johnny kjem mot meg og tar meg med ut.

–Går det bra? Eg er så lei meg. Alt dette er min skyld.

Eg er skremd. Men eg er takknemlig for att han hjelpte meg. Han slutta i gjengen på grunn av meg.

–Tusen takk Johnny. Du behøvd...

–hysj, du fortjener det!

Det var fredags kveld. Eg har hatt den beste fredagen på lenge. Me har vore og kikka på stjernene med teleskopet mitt, og Johnny gav den beste presangen! Han har gitt ei stjerne namn etter meg! Eg og Johnny går langs gata og snakka om allslags. Han held meg i handa. Akkurat når me går forbi ein bar, kjem Olivin og ei venninne ut. Dei bli overraska, men berre går forbi oss.

–Johnny.. det er noko eg må seie til deg. Eg veit eg burde sagt det før, men eg har berre ikkje klart det. Men eg er sjuk.

–Å h, eg kan køyre deg heim nå.

– Nei ikkje sånn sjuk, men verkeleg sjuk. Eg har leukemi, kreft.

– Kva seier du? Kreft? Kvifor har du ikkje sagt det før?

– Eg har ikkje følt at eg kan stola på deg før no. Eg håpar du forstår. Eg har hatt leukemi i to år no. Det er ingenting dei kan gjere.

Johnny står berre og er forvirra. Eg spring heim.

Neste morgon er Johnny hjå meg. Me snakkar ut om alt. Føletsar og alt anna. Han fortel om kor eg har forandra livet hans, og kor stort håp eg har gitt han om at han kan klare kva som helst! Han fortel at han vil inn på medisin studiet. Ingen har tru på at han kan klare og komme seg inn der. Men eg har tru på han! Han har vist at han kan vist han vill. Pappa har fått tillit til han åg no. Dei går godt ilag. Han har innsett att Johnny er ein kjempe kar!

Johnny er utforbi dag og natt og held på å lage eit stort teleskop til meg. Sidan eg blir berre sjukare og sjukare så klarar eg ikkje gjere det sjølv. Men Johnny trør til. Dag og natt er han der. Det er godt å vite att han alltid er med meg. Til slutt blir han ferdig. Med hjelp frå Tommy. Dei har ordna opp no. Dei er gode venner. Det er eg glad for. Dei treng ikkje bære nag til kvarandre når dei egentlig ikkje har noko særleg grunn til det. Det er lørdags kveld. Me sitt på den lille terrassen på loftet. Stjerneikkerten står klar, stor og fin. Eg kan ikkje vente til eg får kikke i det.

– Prøv då! Sjå om den virka som den skal.

– Eg kan ikkje takke deg nok, Johnny. Du har vore fantastisk dei siste dagane.

Eg prøve kikkerten. Den er fantastisk å kikke i, eg ser alle dei planetane eg vanlegvis aldri pleier og sjå i den andre. Me set oss ned og snakkar om alt muleg.

-Sofia. Eg må snakke med deg om ein ting. Eg vil berre seie kor fantastisk du er, og korleis du har redda livet mitt. Eg vil tilbringe resten av livet mitt med deg!

Johnny går ned på kne. Eg blir overraska men super glad!

-JA! Så klart eg vil, jaa! Eg omfamnar Johnny og klemmar han lenge.

– Vil du danse med meg?

- Ja det vil eg.

Me dansar ei lang stund. Eg vil aldri sleppe han. eg er forelska. Kven skulle tru at nerden Sofia skulle forelske seg i "-kule" Johnny! Han har verkeleg vist den beste i Johnny. Han forandra livet mitt.

No er alt klart til brylluppet. Eg skal gifte meg med den eg elsker! Eg har verkeleg funne drømme guten.

– Tar du Sofia Robertsen, Johnny Olsen til din ektemann?

– Ja, veldig gjerne!

– Tar du Johnny Olsen, Sofia Robertsen til dun hustru?

- Ja! Så klart!

– da erklærer eg dykk som ektefeller! Du kan nå kysse bruden!

Alle i kyrkja jublar.

Etter å ha levd lykkelig saman i nærmere ett år, døde Sofia av leukemien. Det var ein stor sorg blant alle, men mest for Johnny. Johnny var blitt veldig glad i Sofia, han Elska henne. Han har funne ut at skule har stor meining. Så han har begynt og jobbe mykje og vil prøve å komme inn på medisin studiet. Pappan til Sofia hjelper han mykje.

Sofia døde med eit fullkomment hjerte, fult av glede og kjærlighet. Ho døde glad. Det er det viktigste. Alle gledar seg til den dagen dei skal møtast igjenn i himmelen.

"Han kjem imot meg, han ignorerer alt rundt seg, blikket hans er festa på meg. Den "kule" gjengen hans ser bare dumt på han og ler. Han bryr seg ikkje, alt han bryr seg om er meg. Han kjem nærmare og nærmare, eg blir meir og meir nervøs. Plutselig står han rett fram forbi fjeset mitt. Han grip tak i nakken min, eg kjenner att han kom nærmare med fjeset sitt, nasane våre berører kvarandre... Johnny kyssar meg, me klemmar kvarandre. Me vil aldri sleppe kvarandre; Aldri. Eg kviskrar inn i øyret til Johnny: " eg kjem aldri til og forlate deg. Eg kjem alltid til og vere her i drømmene dine og i hjartet ditt!"